

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/11842-1

Skuleskyss vidaregåande opplæring 2015/2016 - Klage på vedtak

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet som klagenemnd tek ikkje til følgje klagen frå Johan Lothe med føresett.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

Klage på tilbakekalling av skuleskysskort dagsett 13.10.15

Brev frå føresett dagsett 23.10.15

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Vedtak om skuleskyss

Vedtak om tilbakekalling av skuleskysskort dagsett 05.10.15

Brev frå fylkeskommunen dagsett 20.10.15

Brev frå fylkeskommunen dagsett 04.11.15

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen er ansvarleg for skuleskyss etter opplæringslova § 13-4. Elevar i vidaregåande skule har rett til gratis skuleskyss dersom avstanden mellom skulen og eleven sin heim er meir enn 6 kilometer, sjå oppl. § 7-2.

Johan Lothe er elev ved Firda vidaregåande skule. Ved starten av skuleåret 2015/2016 vart han innvilga gratis skuleskyss, og tildelt elektronisk skuleskysskort. I vedtaksbrevet om skuleskyss står det følgjande:

«Vedtaket om skuleskyss er eit enkeltvedtaket og er gjort på bakgrunn av adresse-opplysningar vi har fått gjennom inntakslista eller utfylt søknadsskjema. Avstanden kan endre seg dersom det kjem nye vegar som gjer avstanden til skulen kortare, ved flytting eller byte av skule. Avstanden mellom heim og skule kan verte kontrollmålt av fylkes-kommunen, og vedtaket verte oppheva dersom det viser seg at avstanden ikkje er lang nok til at du har rett til fri skuleskyss.»

Formålet med kontrollmåling er at alle elevane får lik handsaming etter opplæringslova § 7-2.

Ved kontrollmåling fant fylkesdirektøren at avstanden mellom Lothe sin heim og skulen er 5,87 kilometer. Johan Lothe har difor ikkje rett på gratis skuleskyss. I vedtak dagsett 05.10.15 kalla fylkesdirektøren for samferdsle attende skuleskysskortet.

Inger Aske Lothe, som er eleven sin føresett, klaga i brev av 13.10.15 på fylkeskommunen si avgjerd. Fylkesdirektøren for samferdsle svarte på klaga i brev av 20.10.15, og gjorde gjeldande følgjande grunngjeving:

«I skyssreglementet for elevar i vidaregåande skule i Sogn og Fjordane, står det i punkt 2.2, tredje avsnitt at kortaste gangavstand ein veg rekna frå bustad til opplæringsstad (dør til dør) vert lagt til grunn for måling av avstand. Dersom det er fleire aktuelle dører, skal avstanden målast til den inngangsdøra som gir størst avstand. Brøytt veg (inkl. gang- og sykkelveg) vert lagt til grunn. Stiar og trakk som er i allment bruk mesteparten av året, kan sjåast på som skuleveg.»

Avstanden for Johan vart målt frå døra heime, fv 697 til krysset i Bukta og fv 615 Sørstrandsvegen. Denne vegen vart følgt til krysset til Gotevegen. Målte opp Gotevegen, på undersida av Firdahallen og inn på skulen, sjå kartet på neste side. Dette er den vegen vi meiner det vil vere naturleg for Johan å gå dersom han skal gå til skulen. Har målt opp att på nytt frå heimen dykkar og til døra på kartet. Denne målinga viser 5,87 km. Vi nyttar www.fylkesatlas.no når vi føretek våre målingar.»

Inger Aske Lothe stadfesta klagen i brev av 23.10.15.

Fylkesdirektøren for samferdsle har vurdert saka på nytt, men har ikkje funne grunnlag for å gjere om vedtaket. Grunngjevinga er at avstanden målt frå dør til dør er under 6 kilometer.

Fylkesutvalet er klageinstans for vedtak om skyss, sjå delegeringsreglementet punkt 3.21 nr. 4 og Reglementet for fylkesutvalet § 4.

2. Klagaren har i hovudsak gjort gjeldande

Klagaren ber om at fylkeskommunen gjer om sitt vedtak med grunnlag i at fylkeskommunen ikkje har målt den vegen det er naturleg for klagar å køyre til skulen. Klagar meiner at ein ikkje kan vente at eleven skal gå til skulen, og at det såleis er urimeleg at kortaste gangavstand mellom bustad og opplæringsstad vert lagt til grunn for målinga. Deler av vegen fylkeskommunen har målt er gangveg, og sperra for gjennomkøyring med bil.

I klagen viser føresett til kva veg det er naturleg for dei å køyre til skulen. Dei meiner denne strekninga er 6,1 km.

3. Vurderingar og konsekvensar

Føresett har gjort gjeldande at det ikkje er naturleg å legge kortaste gangavstand til grunn for avstandsmålinga. Det følgjer av forarbeida til opplæringslova § 7-2 at «skolevegen skal reknast frå dør til dør etter farande veg». Med omgrepet «farande veg» forstår ein veg som er open for allmenn ferdsel, enten med køyretøy eller til fots. Både privat veg, offentleg veg og gangveg kan reknast som farande veg. Det avgjerande er om vegen er open for ferdsel og framkomeleg.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har presisert i skyssreglementet punkt 2.2, tredje avsnitt «at kortaste gangavstand ein veg rekna frå bustad til opplæringsstad (dør til dør) vert lagt til grunn for måling av avstand. [...] Brøytt veg (inkl. gang- og sykkelveg) vert lagt til grunn».

Då det er kortaste farande veg som blir lagt til grunn for avstandsmålinga, er det ikkje av tyding for retten til gratis skuleskyss at avstanden til skulen med bil er meir enn 6 kilometer.

Fylkesdirektøren for samferdsle har målt den kortaste vegen frå dør til dør etter farande veg. Avstanden er 5,87 kilometer, og såleis under grensa på 6 kilometer i opplæringslova § 7-2.

Fylkesrådmannen ser ikkje nokon grunn til å gjere om på fylkesdirektøren for samferdsle sitt vedtak om tilbakekalling av skuleskysskortet.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å oppretthalde fylkesdirektøren for samferdsle sitt vedtak om tilbakekall av skuleskysskort for Johan Lothe.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)